



Filippinane: Tilhøve for LHBT-personar

- Generelle tilhøve for gruppa – lovforbod?
- Førekjem det diskriminering, stigmatisering og/eller overgrep?
- Kva gjer styresmaktene for å beskytte eller eventuelt fremme ikkje-diskriminering av gruppa?

Lovverket

Homofili eller homoseksuelle handlingar er ikkje forbode i Filippinane, men det manglar heilskapleg, lovfesta vern av LHBT-personar sine rettar. Ifølgje Human Rights Watch (HRW 2017) er dette i ferd med å betre seg – i fleire byar og Manila-bydelar har det kome lokale lover/forskrifter som forbyr diskriminering av LHBT-personar (HRW 2018; Transgender Philippines 2017). Det manglar likevel framleis nasjonal ikkje-diskrimineringslovgjeving. Ei nasjonal lov som skal forby diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet, er vedteke i kongressen, men har etter det Landinfo forstår, framleis ikkje gått gjennom i Senatet (Cupin 2017; Abad 2019). Derimot vart ei anti-mobbelov (Anti-Bullying Law) vedteke i 2013, og denne inkluderer kjønnsidentitet og seksuell orientering som forbode grunnar for mobbing og trakassering i det filippinske skuleverket (HRW 2017, s. 1).

Sjølv om ingen lover kriminaliserer LHBT-personar i Filippinane, meiner interesseorganisasjonen OutRight Action International (2016, s. 9) at nøytrale lover og paragrafar som «anti-kidnapping, grave scandal, and anti-trafficking laws» vert nytta for å trakassere, utpresse og fysisk, verbalt og seksuelt misbruke LHBT-personar og -miljø. UNDP & USAID (2014, s. 22) skriv òg at

There are laws that have reportedly been used by unscrupulous law enforcers to extort from and harass LGBT people. These include the “grave scandal” prohibition in Article 200 of the Revised Penal Code, as well as RA 9208 (Anti-Trafficking in Persons Act of 2003).

Ifølgje OutRight Action (2016, s 9–10) gjer fråværet av ei «gender recognition»-lov og ei heilskapleg ikkje-diskrimineringslov det vanskeleg å stille politiet til ansvar for mishandling og trakassering av LHBT-personar.

Likekjønna ekteskap eller partnerskap er ikkje lov, og ein får ikkje endre kjønn i fødselsattest/sivile dokument etter kjønnsbekreftande operasjon (OFPRA 2018).

Generelle haldningar

Filippinane vert ofte halde fram som eit land i Asia der tilhøva for LHBT-personar er relativt gode (sjå t.d. Barrete 2017). CNN beskriv haldninga til LHBT-personar i landet som «tolerant, but not really accepting» (Casal 2018). Ifølgje ei undersøking frå det anerkjende Pew Research Centre, skal Filippinane vere det mest «gay friendly» av dei asiatiske landa i undersøkinga (Australia, som topper lista, ikkje medrekna). I Filippinane meiner 73 prosent av befolkninga ifølgje Pew si undersøking at «homosexuality should be accepted», medan talet i dei tre neste landa på lista, Japan, Sør-Korea og Kina, er høvesvis 54, 39 og 21 prosent.

Ei anna undersøking gjort av Pew Research Centre året etter, stilte spørsmålet slik: «Do you personally believe that Homosexuality is morally acceptable, morally unacceptable, or is it not a moral issue?». Då fordelte dei filippinske svara seg annleis: Ni prosent meinte at det ikkje var eit moralsk spørsmål, 25 prosent meinte det var moralsk akseptabelt, medan heile 65 prosent meinte det var moralsk uakseptabelt (Pew Research Centre 2014, s. 5).

Ei tredje undersøking, gjort av organisasjonen Social Weather Stations i 2018, fann at 61 prosent av respondentane var ueinige (44 prosent sterkt ueinige, 17 prosent ueinige) i påstanden «There should be a law that will allow the civil union of two men or two women».

Hongkong-avisa South China Morning Post (Barrete 2017) skriv at det er den yngre delen av befolkninga som støttar LHBT-rettar, mens dei eldre er sterkare påverka av katolisismen sine moralske standardar og dermed ikkje, eller i mindre grad, gjer det.

Det vert arrangert Pride-parader fleire stader i Filippinane, og Rappler (AFP 2019) skriv at «thousands» deltok i paraden i Manila i fjor.

President Rodrigo Duterte har uttala seg kontroversielt i dette spørsmålet som i mange andre. Medan han var borgarmeister i Davao, uttrykte han støtte til LHBT-personar og deira rett til å gifte seg, men etter at han vart president, har han trekt denne støtta tilbake (sjå t.d. Barrete 2017). Duterte har nytta mykje diskriminerande ordbruk om LHBT-personar, men har òg hevda at han sjølv «pla

vere homofil» i yngre år før han «kurerte» seg sjølv med hjelp frå «vakre kvinner» (sjå t.d. Gutierrez & Jett 2019).

Medium

Filippinske medium er generelt frittalande, trass i aukande press, særleg mot dei meir regjeringskritiske blant dei. Mange av desse media skriv om tema som angår LHBT-personar, mellom dei Rappler, The Philippine Star, The Philippine Daily Inquirer og Philippines Graphic Magazine. Samtidig kan andre medium nytte fordomsfullt og nedsetjande språk om LHBT-personar og saker som angår dei.

Det finst òg ei rekke publikasjonar og nettstader drive av og for LHBT-personar, som til dømes Generation Pink, Icon, Ketchup Magazine, TEAM, LezWorld og Outrage Magazine. Sistnemnde hevdar å ha 2,5 millionar treff i månaden og hundretusenvis av besøk på Facebook-sida si i veka (OFPRA 2018, s. 11–12).

Diskriminering, sosial eksklusjon og stigma

Utifrå dette kan LHBT-samfunnet sjå ut til å vere relativt tolerert i Filippinane. OFRPA (2018) understrekar imidlertid at LHBT-personar framleis opplever vald og diskriminering i familien, i helsevesenet, på skolen og i møte med styresmaktene. Diskriminering i arbeidslivet er òg kjend. Frivillige organisasjonar har ifølgje US State Departement (2020) rapportert om «incidents of discrimination and abuse against [...] LGBTI persons, including in employment, education, health care, housing, and social services».

US State Department (2020) vektlegg særleg arbeidslivet som eit felt der LHBT-personar kan oppleve forskjellsbehandling, men omtalar det som enkelthendingar og ikkje systemisk:

Discrimination in employment and occupation against LGBTI persons occurred; a number of LGBTI organizations submitted anecdotal reports of discriminatory practices that affected the employment of LGBTI persons. Discrimination cases included the enforcement of rules, policies, and regulations that disadvantaged LGBTI persons in the workplace. For example, in June a transgendered professor at the University of the Philippines disclosed that the reviewing committee denied her tenure application by citing both professional and interpersonal concerns. She believes her denial was due, in part, to her being transgender.

Skulesystemet

I ein rapport frå 2017 har Human Rights Watch (HRW) sett nærare på situasjonen for unge LHBT-personar i skulesystemet i Filippinane. Organisasjonen skriv at

in the Philippines, students who are lesbian, gay, bisexual, and transgender (LGBT) too often find that their schooling experience is marred by bullying, discrimination, lack of access to LGBT-related information, and in some cases, physical or sexual assault.

I 2012 innførde Utdanningsdepartementet (Department of Education) ein «Child Protection Policy» som skulle kjempe mot mobbing og forskjellsbehandling i skulane, inkludert diskriminering på basis av seksuell orientering og kjønnsidentitet, og i 2013 kom den ovanforneinde Anti-Bullying Law. HRW meiner at desse lovane i seg sjølv er gode, men at dei ikkje vert iverksett godt nok. Derfor vert stadig mange unge LHBT-personar mobba og trakassert på skulen.

Den katolske kyrkja

Meir enn 80 prosent av den filippinske befolkninga er romersk-katolske, og ytterlegare ni prosent er protestantar (UNDP & USAID 2014, s. 27).

Forskjellsbehandlinga av LHBT-personar i Filippinane vert understøtta av den mektige og lite LHBT-vennelege katolske kyrkja. Kyrkja har gått imot ikkje-diskrimineringstiltak og søker nokre gongar å påverke offentlege tiltak (policy) i negativ retning. Til dømes er det ifølgje UNDP og USAID (2014, s. 42) ikkje uvanleg at lovgjevarar siterer religiøse tekstar for å forsvare diskriminering. Nokre lov-gjevarar er også religiøse leiarar. I tillegg finst det fleire kristne såkalla «eks-homofile» rørsler i Filippinane.

Fr. Melvin Castro, leiar av den filippinske Catholic Bishops Conference uttala i 2013 at kyrkja si haldning til homofili var å «fully embrace gays and lesbians», men at likekjønna forhold og ekteskap var uakseptabelt. «We accept them, even if they have same-sex attraction but we cannot accept if they will have same-sex relationships or same-sex unions,» uttala biskopen (CBCP 2013).

Mellom anna av den grunn finst det fleire alternative kyrkjelydar stifta og/eller leia av LHBT-personar i Filippinane. Talet skal vere veksande (UNDP & USAID 2014, s. 42).

Dei muslimske områda i sør

Kring fem prosent (i overkant av seks millionar) av befolkninga i Filippinane er muslimar (PSA 2019), og desse bur i all hovudsak i den såkalla ARMM-regionen (Autonomous Region in Muslim Mindanao) på Mindanao sør i landet. Ifølgje UNDP og USAID (2014, s. 28) er ikkje islam i Filippinane like eksplisitt som den katolske kyrkja når det gjeld LHBT-personar. Derfor er det mindre informasjon

tilgjengeleg om i kva grad muslimske LHBT-personar opplever diskriminering. UNDP og USAID (2014, s. 28) skriv likevel vidare at:

In Mindanao, the LGBT communities try to find their place in an often-hostile environment. Based on anecdotal reports in the Muslim community, LGBT people are treated with less dignity because they are perceived to promote “non-Islamic” ways in society, including prostitution. There are also stories of religiously inspired hate crimes with a pattern of the targeted killings of Muslim gay men and male-to-female transgender people. These reports need to be validated and documented.

Rappler har publisert nokre rapportar om einskilde muslimske homofile på Mindanao, og dei fortel at det er vanskeleg å komme ut, både på grunn av religionen og kulturen dei tilhøyrer (Baizas 2018; Saludes 2015). Ifølgje Rappler er LHBT-muslimar, særleg dei på Mindanao, ei lite erkjend gruppe i samfunnet. Mindanao manglar stadig grunnleggjande LHBT-initiativ og -fasilitetar som støttegrupper og kjønnsnøytrale toalett, som typisk finst i til dømes Metro Manila (Baizas 2018; Saludes 2015).

Overgrep og hatkriminalitet

Rappler (Bernal 2014) skriv at

According to data collated by the Philippine LGBT Hate Crime Watch, there have been around 164 cases of murdered LGBTs in the country from 1996 to June 2012.

[...] LGBT rights advocates have depended solely on independent reports which, they say, are but a glimpse of the real situation of gender-related hate crime incidence in the country.

Dette utgjer ca. ti drap i året , men her er det altså truleg mørketal. Geraldine Roman, den første transkjønna representanten i det filippinske parlamentet, meiner at det relativt låge talet på hatkriminalitet mot LHBT-personar som politiet i Filippinane rapporterer – 164 saker mellom 1996 og 2012 – skuldast mangelen på LHBT-sensitivitet hjå politiet, altså underrapportering og/eller at sakene som vert rapportert, ikkje blir følgde opp (Conde 2016).

Politiet – beskyttar eller overgripar

Fleire i LHBT-miljøet har peika på behovet for LHBT-kunnskap hjå politiet, og det er foreslått ei lov (House Bill 2952) som skal opprette egne LHBT-deskar på politistasjonane i landet. Etter det Landinfo kjenner til, er dette lovforslaget

framleis ikkje vedteke. Quezon City i Metro Manila, derimot, har vedteke ei lokal regulering basert på lovforslaget (Raymundo 2018). I 2017 vart Quezon City òg det første politidistriktet med ei ope transkvinne blant sine tilsette (Talabong 2018).

OutRight Action (2016) er meir kategoriske i ordbruken og skriv at LHBT-miljø i Filippinane vert utsette for vald, mishandling og diskriminering frå politiet og at dei ikkje får assistanse eller beskyttelse frå politiet når dei er offer for kriminalitet. Organisasjonen hevdar vidare at desse gruppene anten manglar vern i lova eller at implementeringa er svak på dei områda der det finst gode lover.

Police abuse, violence, and discrimination stem from stigma, negative stereotypes and long-held biases against LGBTI people in Philippines society. Aside from denying police assistance and protection to LGBTI persons, police also profile masculine gay men, effeminate gay men, and transgender women as sex workers [...]” (OutRight Action 2016, s. 1)

Det har ikkje lukkast Landinfo å finne andre kjelder som rapporterer om politivald mot LHBT-personar i Filippinane. Rappler – ein frittalande regime- og systemkritisk nettstad der journalistane har vorte forsøkt fengsla av styresmaktene – har til dømes ingen artiklar om dette.

Dette kan delvis skuldast at det i den pågåande «krigen mot narkotika» har vore svært mange tilfelle av både politivald og til og med utanomrettslege avrettingar. Det meste av det som vert skriva om politivald, har derfor samband med narkotikabekjempinga. USDS (2020) skriv til dømes om fleire menneskerettsbrot gjorde av politiet i Filippinane, men nemner ikkje LHBT-personar blant ofra.

Så sjølv om det er usemje om hyppigheita, er det klart at vald og/eller krenkingar frå politiet mot LHBT-personar førekjem. Rappler (Magsambol 2020; Talabong 2019) skriv mellom anna om to transkvinner som har opplevd trakassering og arrestasjon på grunn av kjønnsuttrykket sitt. Magsambol (2020) siterer den filippinske menneskerettskommisjonen som i samband med den eine hendinga uttala at ho illustrerte «the violence and harassment experienced every day by the LGBTQI community because of their sexual orientation and gender identity».

Ifølgje OutRight Action (sitert i UNDP & USAID (s. 22) og der omtala som IGLGHRC) i 2011 hender det at offentlege bad og liknande stader der menn som har sex med menn møtes, vert utsette for såkalla raid frå politiet. Menn som vert påtreffe der, vert gjerne truga med tiltale etter «grave scandal»- paragrafen (artikkel 200) i straffelova (Revised Penal Code 1930). Ifølgje OutRight Action vel mange av mennene å betale utpressingspengar til politiet fordi dei frykter å verte avslørte for vener og familie.

UNDP og USAID (2014, s. 22) skriv òg om ein homofil filippinar som skal ha fått asyl i USA i 2009 på grunn av frykt for at han ville «suffer persecution on the

basis of his «membership in a particular social group» (being a homosexual in the Philippines)). Det framgår imidlertid ikkje på kva grunnlag dommaren i saka gjorde denne vurderinga.

Om Landinfos responsar

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon og Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Referansar

Skriftlege kjelder

Abad, M. (2019, 28. august). TIMELINE: SOGIE equality in the Philippines. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/newsbreak/iq/238593-timeline-sogie-equality-philippines> [lasta ned 24. april 2020]

AFP, dvs. Agence France-Presse (2019, 29. juni). Despite rain, thousands march for equality in Manila's Pride parade. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/nation/234234-thousands-march-equality-manila-gay-pride-parade-2019> [lasta ned 24. april 2020]

Baizas, G.N. (2018, 30. juni). Coming out of the shadows: On being LGBT in Mindanao. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/move-ph/206108-coming-out-shadows-being-lgbt-mindanao> [lasta ned 24. april 2020]

Barrete, R.J. (2017, 25. april). Why denial of a political voice means gay rights in the Philippines remain in the closet. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.scmp.com/comment/insight-opinion/article/2090364/why-denial-political-voice-means-gay-rights-philippines> [lasta ned 24. april 2020]

Bernal, B. (2014, 28. april). 'CHR documentation of hate crimes will protect LGBT interest'. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/nation/35553-chr-document-hate-crimes-lgbts> [lasta ned 24. april 2020]

Casal, C. (2018, 14. november): Survey finds that Filipino companies are not accepting of LGBTQ+. *CNN Philippines*. Tilgjengeleg frå <https://cnnphilippines.com/life/culture/2018/11/14/Filipino-companies-not-accepting-LGBTQ.html> [lasta ned 24. april 2020]

CBCP (dvs. Catholic Bishops Conference of the Philippines) (2013, 2. august). Church won't tolerate same-sex marriage—CBCP exec. *CBCP News*. Tilgjengeleg frå http://www.cbcpnews.com/cbcpnews/?page_id=367 [lasta ned 24. april 2020]

Conde, C. (2016, 20. september). Philippines Transgender Lawmaker Urges Protection for LGBT Rights. *Human Rights Watch*. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2016/09/20/philippines-transgender-lawmaker-urges-protection-lgbt-rights> [lasta ned 24. april 2020]

Conde, C. (2018, 5. juni). Philippine City Passes Law Against LGBT Discrimination. *Human Rights Watch*. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2018/06/05/philippine-city-passes-law-against-lgbt-discrimination> [lasta ned 24. april 2020]

Cupin, B. (2017, 20. september). House passes SOGIE equality bill on final reading. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/nation/182796-sogie-equality-bill-passes-house> [lasta ned 24. april 2020]

Gutierrez, J. & Jett, J. (2019, 3. juni). Rodrigo Duterte Says He 'Cured' Himself From Being Gay. *New York Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.nytimes.com/2019/06/03/world/asia/duterte-gay.html> [lasta ned 24. april 2020]

House Bill 2952 (2016, 16. august). An Act Establishing Lesbian, Gay, Bisexual, and Transgender (LGBT) Help and Protection Desks in All Philippine National Police Stations Nationwide. Tilgjengeleg frå http://www.congress.gov/ph/legisdocs/basic_17/HB02952.pdf [lasta ned 24. april 2020]

HRW, dvs. Human Rights Watch (2017, 21. juni). *Just Let Us Be. Discrimination Against LGBT Students in the Philippines*. New York City: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/report/2017/06/21/just-let-us-be/discrimination-against-lgbt-students-philippines> [lasta ned 24. april 2020]

OFPPA, dvs. Office Français de Protection des Réfugiés et Apatrides (2018, 29. november). *La situation des minorités sexuelles et de genre*. Fontenay-sous-Bois: OFPPA. Tilgjengeleg frå https://coi.easo.europa.eu/administration/france/PLib/1809_PHL_minorit_s_sexuelles_et_de_genre.pdf [lasta ned 24. april 2020]

OutRight Action (2016, 24. juni). *To Serve & Protect Without Exception*. New York City: OutRight Action International. Tilgjengeleg frå <https://outrightinternational.org/sites/default/files/serveProtectFull.pdf> [lasta ned 24. april 2020]

Pew Research Center (2013, 4. juni). *The Global Divide on Homosexuality*. Washington D.C.: Pew Research Center. Tilgjengeleg frå <https://www.pewresearch.org/global/2013/06/04/the-global-divide-on-homosexuality/> [lasta ned 24. april 2020]

Pew Research Center (2014, 14. april). *Morality Interactive Topline Results*. Washington D.C.: Pew Research Center. Tilgjengeleg frå <https://www.pewresearch.org/global/wp-content/uploads/sites/2/2014/03/morality-topline-final.pdf> [lasta ned 24. april 2020]

PSA, dvs Philippines Statistics Authority (2019, 29. januar). *Philippine Statistical Yearbook*. Manila: PSA. Tilgjengeleg frå <https://psa.gov.ph/products-and-services/publications/philippine-statistical-yearbook> [lasta ned 24. april 2020]

Raymundo, P. (2018, 26. juli). QC to set up LGBT help desks in police stations. *Philippine News Agency*. Tilgjengeleg frå <https://www.pna.gov.ph/articles/1042736> [lasta ned 24. april 2020]

Revised Penal Code 1930. Tilgjengeleg frå https://www.un.org/Depts/los/LEGISLATIONANDTREATIES/PDFFILES/PHL_revised_penal_code.pdf [lasta ned 24. april 2020]

Saludes, M.Z. (2015, 24. juli). On being gay and Muslim. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/move-ph/issues/gender-issues/99746-being-gay-muslim> [lasta ned 24. april 2020]

Social Weather Stations (2018, 29. juni). First Quarter 2018 Social Weather Survey: 61% of Pinoys oppose, and 22% support, a law that will allow the civil union of two men or two women. *Social Weather Stations*. Tilgjengeleg frå <https://www.sws.org.ph/swsmain/artclldisppage?artcsyscode=ART-20180629215050> [lasta ned 24. april 2020]

Talabong, R. (2019, 15. august). Trans woman arrested after being blocked from using women's restroom in Cubao. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/nation/237698-transgender-woman-arrested-after-blocked-using-women-restroom-cubao> [lasta ned 24. april 2020]

Talabong, R. (2018, 17. juni). Salute to Madame, the first transgender cop in PNP. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/newsbreak/in-depth/205117-rene-balmaceda-first-transgender-cop-philippine-national-police> [lasta ned 24. april 2020]

Tang, A. (2016, 28. juni). Philippines LGBT group accuse police of failing to serve and protect. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <https://www.reuters.com/article/us-philippines-lgbt-police/philippines-lgbt-group-accuse-police-of-failing-to-serve-and-protect-idUSKCN0ZE21E> [lasta ned 24. april 2020]

Transgender Philippines (2017, 15. mai). Anti-Discrimination Ordinances Across the Philippines. *Transgender Philippines*. Tilgjengeleg frå <http://www.transph.org/information/philippine-anti-discrimination-ordinances/> [lasta ned 24. april 2020]

UNDP & USAID (2014). *Being LGBT in Asia: The Philippines Country Report*. Bangkok: UNDP. Tilgjengeleg frå https://pdf.usaid.gov/pdf_docs/PBAAA888.pdf [lasta ned 24. april 2020]

U.S. State Department (2020, 11. mars). *2019 Country Reports on Human Rights Practices: Philippines*. Washington D.C.: U.S. State Department. Tilgjengeleg frå <https://www.state.gov/reports/2019-country-reports-on-human-rights-practices/philippines/> [lasta ned 24. april 2020]

World Factbook (2020, 16. mars). *Philippines*. Washington D.C.: CIA. Tilgjengeleg frå <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/rp.html> [lasta ned 24. april 2020]

© Landinfo 2020

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.